

Veke: 12

| TID | MÅNDAG | TYSDAG | ONSDAG | TORS DAG | FREDAG |
|---------------------|---------------|---------|--------------|----------|----------|
| 08.30 - 09.15 | Samf | Engelsk | Mat og helse | Tysk | Engelsk |
| 09.15 - 10.00 | Naturfag | Samf | Mat og helse | Tysk | Matte |
| 10.20 - 11.15 | Matte | UV | Mat og helse | Norsk | Naturfag |
| 11.50 - 12.35 | Norsk | Norsk | KRØ | Naturfag | Valfag |
| 12.35 - 13.20 | Norsk | Musikk | Engelsk | KRØ | Valfag |
| 13.40 - 14.25 | Tysk/arb. fag | KRLE | Matte | KRLE | Valfag |

INFORMASJON:**Kontaktlærartime: Onsdag 11.50 - 12.35**

De får no ein del arbeid de skal jobbe med heime. Les godt på planen når dei ulike oppgåvene skal vere ferdige.

Kvar morgon skal de "møte opp" i Teams ved å svare på "God morgon"-melding frå Sesilie!

Viss det er nokon som ikkje har fått henta alle bøkene sine må de ta kontakt så får me fiksa det. Ellers så er alle faglærarar tilgjengelege i chaten på Teams i skuletida viss det er noko de lurer på eller vil ha hjelp til.

PALS

Vis respekt, ta ansvar og vis omsorg!

ARBEIDSPLAN

Faglege mål:

Lekser:

| | | |
|----------------|---|---|
| Matte | | <p>Måndag 15.03 Gjer oppgåve 25-29 s.164 PS! Det ligg ein powerpoint ute på Teams -> matematikk som de kan nytte som hjelp</p> <p>Tysdag 16.03 Gjer oppgåve 31-34 s.166</p> <p>Til Fredag 20.03 På Teams -> HBUS Elevkull 2005 -> Filer -> matte 9.kl Finn de ein tentamen som heiter LOCKDOWN mattetentamen. Gjer Del 1. Send bilete av at du er ferdig i chat funksjonen på Teams</p> <p>Måndag 23.03 Gjer oppgåve 36-40 s.167-168</p> <p>Tysdag 24.02 Gjer oppgåve 42-45 s.169</p> <p>Til fredag 27.03 På Teams -> HBUS Elevkull 2005 -> Filer -> matte 9.kl Finn de ein tentamen som heiter LOCKDOWN mattetentamen Gjer Del 2 Send bilete av at du er ferdig i chatfunksjonen</p> |
| Norsk | <p><u>Litteraturhistorie</u> -kunne noko om ulike litterære epokar, kjende forfattarar og kjende verk frå ulike periodar -kunne bruke og kjenne att ulike språklege verkemiddel -kunne seie noko om form og innhald i ulike dikt</p> | <p>NB!!! Alt skriftleg arbeid de gjer i lockdown perioden, skal lagrast i norskmappa på onedrive. (Denne har de delt med meg – dei som IKKJE har gjort det, MÅ gjere det!!!) Hugs å gi dokumenta namn – ikkje berre dokument 1, dokument 2 osv.</p> <p>Denne veka skal du:</p> <p>1) Repetere litt om Barokken. Gå gjennom powerpointen – les, sjå film og lytt</p> <p>2) Lære om Opplysningstida som litterær periode</p> <ul style="list-style-type: none">• Studer powerpointen om Opplysningstida (denne finn du på TEAMS (Elevkull – filer – norsk)• Gjer oppgåvene som du finn på oppgåvearket om opplysningstida på same stad som du fann powerpointane <p>NB! Ta kontakt om du treng hjelp!!!</p> |
| Engelsk | <p>Article “a/an”, the present continuous tense and the past continuous tense.</p> | <p>**VIKTIG**</p> <p>Gjer oppgåvene i dokument på OneDrive, viss det er nokon som ikkje har delt engelsk mappa med meg MÅ dette gjerast måndag. Hugs å merk dokumenta med oppg.nr.</p> <p>For Tuesday: New Flight: task 25, 26, 28 p.125-127 WB</p> |

| | | |
|--------------------|--|--|
| | | <p>New Flight Extra: task 16 and 17 p.84-86 WB</p> <p>Use the Grammar book for extra help!</p> <p>For Wednesday:</p> <p>New Flight: task 37, 38, 39 +41 p. 129-130 WB</p> <p>New Flight Extra: task 22 p.88. Remember to write down your answers even though this task is under “let’s talk”!</p> <p>Use the Grammar book for extra help!</p> <p>Repetition of the present continuous tense and the past continuous tense:</p> <p>Finish the tasks online: Grammar Green 1, 2, 3 and Grammar Blue/Yellow 1, 2, 3. https://newflight.cappelendam.no/enkel/seksjon.html?tid=1327730</p> <p>(Disponer tid til oppgåvene slik dykk sjølv trenger. Er det noko dykk lurar på, så send melding i chaten til meg på Teams! - Eva)</p> |
| Samfunnsfag | | <p>Ekstremver, side 42-46. Les desse sidene. Så skal du – laga ein definisjon på omgrepet ekstremver</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nemn dei ulike typar ekstremver og forklare korleis dei oppfører seg og kva skade dei kan gjera. PS det er fleire enn dei som er nemnde i boka. Bruk nettet og søk - Så skal du finna årsakene til ekstremver. Er det andre årsaker enn global oppvarming? - Forklar kva globaloppvarming er. kva er årsakene til globaloppvarming. Nemn og forklar. - forklar kva global oppvarming kan ha å seia for verda. - Kva tiltak vert gjort i verda for å hindra global oppvarming og ekstremver - til slutt skal du finna ut kva du og familien din kan gjera for å hindra global oppvarming. <p>Bruk læreboka og nettet til å finna fakta Oppgåva skal delast med meg, 26.mars. Hugs kjelde Vurdering: høg, middels eller låg. Her blir det vurdert om alle deler er besvart. Kor utfyllande svara er og om de har brukt eigne ord. Tips: bruk fleire kjelder, bruk eigne ord, ikkje avskrift, du må forstå og kunna forklara det du skriv. NB. Del oppgåva med meg medan de jobbar med ho. Så kan eg gå inn og komentera. Ta kontakt om de lurar på noko.</p> |
| KRLE | <p>Jødedommen: -kunne gi ei oversikt over mangfaldet i jødedommen -kunne gi ei oversikt</p> | <p>1) Gå inn på nrk.no: https://tv.nrk.no/serie/paa-tro-og-are/sesong/1/episode/4 Se denne episoden av “På tro og Are”. Dette er repetisjon frå i fjor. Skriv notater/faktasetningar medan du ser filmen. Faktasetningane skal skrivast i eit</p> |

| | | |
|----------------|--|---|
| | <p>over viktige historiske hendinger i jødedommen</p> <p>-kunne fortelje om jødisk arkitektur</p> <p>-kjenne til jødedom i Noreg</p> | <p>eige dokument som du kallar: "På tro og Are Jødedommen". Dette dokumentet skal lagrast i KRLE-mappa di på OneDrive.</p> <p>Ta kontakt om noko er uklart. Hugs å sjekke at KRLE-mappa er delt med meg.</p> <p>Oppgåva skal vere ferdig innan torsdag.</p> <p>2) Les/lytt s. 115 – 118 i Under same himmel 2</p> |
| Naturfag | | <p>Til fredag 20.03</p> <p>Les side 172-179.</p> <p>Gå inn på Youtube og søk "Lars Krogstad Hva gjør vi med råoljen"- den oppsummerer det du har lest.</p> |
| Tysk | <p>Lektion 6: Deutsch überall?</p> <p>-kunne kommunisere om Tyskland, Austerrike, Sveits og Liechtenstein</p> <p>-kjenne til ein del nøkkelopplysningar om dei fire tysktalande landa</p> <p>-kunne plassere kjende stader i Tyskland på kartet</p> | <p>Måndag 16. mars:</p> <p>Øve/lære på byar og plassering av desse i Sveits, Austerrike og Tyskland:</p> <p>https://online.seterra.com/nb</p> <p>Velg: Sveits og Austerrike: Byer og Tyskland: Byer. Under kartet er det ei rute med nedtrekk. Velg først lær, og deretter (når du kjenner deg trygg) plasser namnene. Ta ein printscreen (eller ta bilete av skjermen med mobilen eller screenshot på mobilen dersom du gjer det der...) etter første forsøk, og ein når du har full kontroll. Dette gjeld både for Tyskland og for kartet med Sveits/Østerrike.</p> <p>Desse bileta sender du til meg på chat i teams innan skuledagen måndag er ferdig.</p> <p>Torsdag 19. mars:</p> <p>Lag ein powerpoint-presentasjon der du presenterer eit av dei tysktalande landa Sveits, Austerrike eller Tyskland. Powerpointen skal ha 5 lysark (+ framside og kjelder (Quellen). Bruke oppgåve 9 s. 134 til å hente inspirasjon til kva du kan ha med. "Funfacts" og kjende personar frå landet er og kjekt å ha med...</p> <p>Hugs å bruke korte og enkle setningar + ha med passande bilete på kvart lysark!!</p> <p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etwa Menschen wohnen in der Schweiz. • Der Nationalfeiertag ist.... . • Die Hauptstadt ist.... . • kommt aus Österreich. <p>Powerpointen skal leggest i tyskmappa di på OneDrive (sjekk at denne mappa er delt med Sesilie Leikanger!!!!)</p> |
| Arbeidslivsfag | | <p>I løpet av veka skal du:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skrive logg for veke 11 • Vera med/hjelpe til med husarbeid, arbeid i heimen, pass av søsken, utarbeid eller liknande i 1.5 time. Du skal skrive eit kort referat frå det du gjorde (her skal eventuelle reiskapar og |

| | | |
|---------------------|--|--|
| | | HMS vera med) og laste dokumentet opp i oppgåver på arbeidslivsfag sitt team. Innleveringsmappa blir kalla <i>Arbeidslivsfag – lockdown veke 12</i> |
| Musikk | <p>Mål: Å diskutere og beskrive musikalske stiltrekk frå rytmisk musikk.</p> <p>Å gjere greie for korleis musikk gjenspeglar trekk ved samfunnsutvikling og ungdomskultur, og korleis dette kjem til uttrykk i rytmisk musikk.</p> <p>Å kjenne att og kunne namn på forskjellige instrument og ensemble innanfor ulike sjangrar.</p> | <p>I løpet av veka skal de jobbe minst ei økt med oppgåve 1. Oppgåva vert tilgjengeleg på Teams og skal leverast seinast torsdag 2. april (del musikkmappe med meg eller send på e-post). Ta kontakt viss de ikkje finn oppgåva, eller får utfordringar knytt til innlevering.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Individuell oppgåve med karakter: Sjå Teams, Elevkull 2005, “Musikk”, “Individuell oppgåve-instrumentgrupper og lytting”. Vurderinga vert gitt på grunnlag av innhaldet i den skriftlege innleveringa og evt. praktisk lytteoppgåve på skulen. 2. Viss de har tid til overs kan de: <ul style="list-style-type: none"> • Jobbe vidare med/gjere ferdig fordjupingsoppgåva om musikk sjanger. Oppgåva ligg på Teams, Elevkull 2005, i mappe “Musikk”, “Fordjupingsoppgåve om musikk sjanger”, “oppgåve”. Hugs å dele dokument med alle på gruppa, og fordel arbeidsoppgåver. Slik stoda er no, har eg ikkje sett opp nokon dato for innlevering. Vi får ta ei veke om gongen. • Øve på “Månemannen”, for dykk som har moglegheit til det m.o.t. instrument. De som skal syngje i koret kan ha hovudfokus på å bli trygge på refrenget og det siste verset. Dansarane fortset med å øve inn rørsle som de finn på youtube.com. Lukke til! |
| Mat og helse | Periode 7 | <p>Gjer oppgåvene til periode 7. Lag maten som er sett opp på planen og server han til familien. Øv gjerne på matrettar vi har hatt på kjøkkenet. Nokre av desse kjem att på praktisk prøve. Ta bilder av rettane og lim inn i boka.</p> |
| Kroppsøving | Eigenaktivitet løping/tur og styrketrening heime | <p>Til fredag 27. Mars</p> <p>I løpet av dei neste to vekene skal du sjølv gjennomføre 4 økter i kroppsøving. Kva for dag du veljar å gjennomføre er opp til deg, men du må bli ferdig innan fredag 27.03.</p> <p>Økt 1: Tur ute. Du veljar sjølv om du ynskjer å gå i moderat tempo, eller jogge/springe. Turen skal vare i minst 45min, men gjerne lenger om du kan.</p> <p>Økt 2: Jogge/springe ute. I denne økta skal du prøve å halde eit høgare tempo. Varm opp godt, og legg deg så på et moderat til høgt tempo du klarer å halde i 45min.</p> <p>Økt 3: Styrketrening inne. Følg denne videoen og bli med på trening heime! Få gjerne med deg andre i huset også, denne økta passar dei fleste. https://www.youtube.com/watch?v=PJki-18iDk0</p> |

| | | |
|-----------------------|---|--|
| | | <p>Økt 4: Valgfri! Repeter ein av øktene ovanfor eller gjer ein alternativ aktivitet. Til dømes langrenn/topptur, yoga eller anna.</p> <p>Etter kvar økt skal dykk ta ein selfie av dykk sjølve i aktivitet, og sende på chat til Helge M i Teams. Har dykk også treningsapp, så ta gjerne screenshot av gjennomført økt. Lykke til!</p> |
| Utdanningsvalg | <p>Gjere seg betre kjend med ulike utdanningsvegar i vidaregåande skule</p> <p>Gjere seg kjend med ein arbeidsplass</p> | <p>Logg vgs og hospitering:</p> <p>I løpet av veka skal loggen vere frå hospiteringa på vgs og jobbskugginga vere ferdig. Eg har utvida tida fordi ein del av dykk ikkje fekk gjort det ferdig innan fristen. Vanskar med å komme inn osv. No ligg alt til rette for ferdigstilling og levering til fredag.</p> |